



17.mai i Kviteseid


2021

Også i år blir 17.mai feiringa litt amputert grunna corona. Men vi skal gjere alt vi kan for å gjere dagen så bra som mogleg. Spesielt for ungane.

Difor har vi bestemt oss for ha tog med 1.-7.klasse. Noko kortare strekning enn normalt, men det blir både speling av Kviteseid Hornmusikk og kransnedleggjing ved Tormodstøtta. I tillegg blir det ein del som skjer digitalt. Det blir 17.mai tale ved Silje Aakre og russetale ved Olga Vestbøstad. Innslag frå skuleklasser, quiz, og kakekonkurransen.

Sjå på Kviteseid kommune sine nettsider eller på Facebooksida: 17.mai i Kviteseid 2021, -for å få full oversikt over alt som skjer, inkludera digitalt program.

Veldig koseleg om det er fleire som vil møte opp i sentrum og stå langs togruta og lage liv. Bare hugs å halde god avstand og følgje gjeldande smittevernreglar,



Program for dagen:

Kl. 11.00. Gudstjeneste i kyrkja.

Kl. 11.45: Oppmøte barnetog ved bryggeparken i Kviteseid sentrum.

Kl. 12.00: Ordførar Bjørn Nordskog ønskjer velkomen.

- Jørgen Moen er forsongar og vi syng Nasjonalsongen saman med resten av Noreg. Hornmusikken spelar.*
- Etter nasjonalsongen byrjar toget å gå. Dei går opp Kviteseidgata, opp og rundt Fredheim til Tormodstøtta.*
- 4. klasse legg ned krans.*
- Hornmusikken spelar og vi syng Kviteseidsongen.*
- Toget går vidare langs Dalanvegen og svingar ned til sentrum att ved krysset før kyrkja. Her går toget ned og forbi Mylletorget og tilbake til bryggeparken. Sjå vedlagt kart for detaljar.*
- Toget kjem tilbake til Bryggeparken.*
- Alle borna (1.-7. klasse) og hornmusikken får utdelt is.*
- Når toget er tilbake i Bryggeparken går korpset vidare og spelar for Lundenjordet, via KOS, Midtsundtoppen og Midtsundtunet.*
- Bilquiz. Same quiz som blir lagt ut på Facebooksida blir og`hengt opp som bilquiz. Ruta vil gå frå Kviteseid sentrum etter at toget er ferdig. Følg med på Facebooksida for å skrive ut/gjere quizen der du er.*

HIPP, HIPP, HURRAAA!




Ja, vi elsker dette landet

Ja, vi elsker dette landet
som det stiger frem
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor,
og den saganatt som senker
drømmer på vår jord.

Norske mann i hus og hytte,
takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
mødrene har grett,
har den Herre stille lempet,
så vi vant vår rett.

Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet
det av nød til seir,
også vi, når det blir krevet,
for dets fred slår leir.

Bjørnstjerne Bjørnson



Kviteseidsongen

Her fagre bygder blenkjer som gull i fedre arv, og varmt på dei me tenkjer som la det fyrste kvarv til låge ljore stoga og radde tun ved tun. Vårt fyrste blad i soga dei skreiv på urudd grunn.



Kring har, mo og reinar i slit tidt sveiten flaut, dei talar desse steinar som dei or auren braut. Men løynd gjeng denne talen som draum i unge sinn, som vårsus gjennom dalen vårt hjarterom han finn.

Me Kvitseid aldri gløymer om det på vidvank ber, for ungdomsminni strøymer kring ferdi der me fer. Vil nokon bort oss drive og løyse det som batt, dei kan 'kje roti rive - vårt hjarta legg me att.

Ja, fjåge me deg hyller i song og helsingsord, du hjarto våre fyller med kjærleik til di jord. Og som dei streid dei gamle i fylking for sin rett, me vil som brør oss samle i syskinlag til eitt.

So byggjer me og bøter i grend og gamal gard, som renning renn av røter vår ungdom - etter far. - No må me vakne vera - alt gryn den nye dag, - Me nøgdi hev å gjera. For Kvitseid fram ilag!

Johannes Skarprud.



Optimist

Jeg står i mørke og skimter lyset i det fjerne
Det er så kaldt jeg søker varme fra en stjerne
Jeg tenker opp når jeg er nede for jeg er en Optimist

Jeg har et håp hver gang jeg går omkring i blinde
Det finnes en sol i oss som snart skal begynne å skinne
Som får meg opp når jeg er nede om og om og om igjen

Jeg har en drøm at vi tar vare på hverandre
Og gir det beste i oss selv til alle andre
Jeg tenker opp når jeg er nede om å om å om igjen

Optimist, jeg vet det går bra til sist
Så lenge jeg lever her er jeg en Optimist
Jeg er en Optimist

Jeg har en tro jeg har ett mål som jeg skal finne
Jeg har en kraft og det er viljen til å vinne
Det får meg opp når jeg er nede om og om og om igjen

Vil at livet blir en dans i lyset
En dans for håpet og en dans for gleden
En dans i frihet og en dans for freden
Det skal gååååååååååå

Optimist, jeg vet det går bra til sist
Så lenge jeg lever her er jeg en Optimist
Optimist, jeg vet det går bra til sist
Så lenge jeg lever her er jeg en Optimist
Optimist, jeg vet det går bra til sist
Så lenge jeg lever her er jeg en Optimist
Jeg er en optimist!

Jahn Teigen

